

## TYSVÆR KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Tysdag **6. november 2018** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiding av utvalsleiar Arne Gjerde.

<b>MØTESTAD:</b>	Kantinen, Tysvær rådhus
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 18.00 – kl. 19.15
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Arne Gjerde (H), Øyvind Hellerslien (FrP) Åse Paulsen (A), Linda Ånderå Bokn (V) og Karsten A. Larsen (FrP)
<b>MØTANDE VARAMEDLEM</b>	Ingen
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Dagleg leiari/utvalssekreterar Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Revisor/partner Roald Stakland og forvaltningsrevisor Håkon Lindberg, KPMG AS
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Rådmannen Sigurd Eikje
<b>MERKNADER TIL INNKALLING</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKSLISTE:</b>	Ingen

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### **SAK 24/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 04.09.18**

##### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 04.09.18 blir godkjent slik han ligg føre.

##### **Handsaming i kontrollutvalet 06.11.18:**

Utvalet hadde ingen merknader.

##### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.11.18:**

*Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 04.09.18 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 25/18 PROSJEKTPLAN – «KVALITET OG RESURSEFFEKTIVITET INNANFOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTENE»**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Kvalitet og ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene” i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/ evt. med desse endringane:

Ramma vert sett til 250 timer.

### **Handsaming i kontrollutvalet 06.11.18:**

Forvaltningsrevisor Lindberg gjekk gjennom formål, problemstillingar, metode og framdriftsplan. Aktuelle case vil vere to søknader med positivt svar og to som har fått avslag.

Utalet var opptatt av at intervjuia ikkje berre var med leiinga, men også blant dei tilsette på golvet. For val av case blei det framheva at dei måtte vere av nyare dato, men før revisjonsprosjektet blei valt ut av utvalet.

Utvalseiar trakk fram at talet på sjukeheimslasser i kommunen var redusert, sidan 2015 etter politiske vedtak om meir hjelpe i heimen, men han skulle gjerne visst om det stemte at det ikkje var ventelister eller behov for plass. Han kunne også tenkt seg at det hadde vore intervju med brukarar og pårørande. Revisor svarte at det var problematisk å få slikt gjennomført. Utvalseiar kom med framlegg til tilleggspunkt/justeringer under pkt. 2-2 delt inn i fem punkt:

### **Tilleggspunkt/justeringer under pkt. 2 - problemstillingar:**

**2.2.1b - nytt punkt:** *Kva har kommunen gjort for å skapa forståing av kva velferdsteknologi er og kvifor det er/blir nødvendig å ta denne i bruk?*

**2.2.a - tillegg:** *Kven er involvert i å tildele tenester, og kva prosedyrar er etablert kring tildeling av sjukeheimslassar/omsorgsbustader - ventelister?*

**2.2.c - tilleggsord:** *I kva grad blir vedtak om tildeling av sjukeheimslassar/ omsorgsbustader fatta i samsvar med gjeldande prosedyrar?*

**2.2.e.iv - justert pkt:** *Korleis informerer kommunen brukar/pårørande om klagerett, eigne skjema? Korleis handterer kommunen klagar frå brukarane?*

**3.e.ii - tillegg:** *Kva erfaringar har kommunen med bruk av KHØD, bl.a. i forhold til kjende brukarar med avklart diagnose?*

Utalet stilte seg positiv til hans framlegg og revisor hadde ingen motforstillingar til desse tillegga. Utalet var samd i å ta framlegget inn i vedtaket.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.11.18:**

*Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Kvalitet og ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene” i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre og med desse tilleggspunkt/justeringer under pkt. 2 - problemstillingar:*

**2.2.1b - nytt punkt:**

*Kva har kommunen gjort for å skapa forståing av kva velferdsteknologi er og kvifor det er/blir nødvendig å ta denne i bruk?*

**2.2.a - tillegg:**

*Kven er involvert i å tildele tenester, og kva prosedyrar er etablert kring tildeling av sjukeheimslassar/omsorgsbustader - ventelister?*

**2.2.c - tilleggsord:**

*I kva grad blir vedtak om tildeling av sjukeheimslassar/ omsorgsbustader fatta i samsvar med gjeldande prosedyrar?*

**2.2.e.iv - justert pkt:**

*Korleis informerer kommunen brukar/pårørande om klagerett, eigne skjema?*

*Korleis handterer kommunen klagar frå brukarane?*

**3.e.ii - tillegg:**

*Kva erfaringar har kommunen med bruk av KHØD, bl.a. i forhold til kjende brukarar med avklart diagnose?*

*Ramma vert sett til 250 timer.*

**SAK 26/18 ORIENTERING FRÅ REVISOR OM REVISJON AV REKNESKAPEN 2018 – REVISJONSPLAN**

**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval tar revisjonsplan 2018 for rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 06.11.18:**

Revisor Stakland orienterte og delte ut presentasjon av planen på papir. Han orienterte om revisjonsteamet, om oppstartsmøte med administrasjonen som er avtalt i november, noko som er seinare enn tidlegare år, og fokusområde. Utvalet hadde ingen merknader til planen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.11.18:**

*Tysvær kontrollutval tar revisjonsplan 2018 for rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor til orientering.*

**SAK 27/18 MØTEPLAN FOR 2019**

**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2019:

tysdag 05.02 eller 19.02, 21.05, 17.09 og 03.12 kl. 18.00.

Utvalsekretær kan, i samråd med leiar, endre møtedato når det er naudsynt.

### **Handsaming i kontrollutvalet 06.11.18:**

Utvalet blei samd å velje 19. februar. Til det møtet vil det bli minst ein oppfølgingssak frå administrasjonen. Elles var det ingen merknader til datoane.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.11.18:**

*Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2019:*

*tysdag 19.02, 21.05, 17.09 og 03.12 kl. 18.00.*

*Utvalssekretær kan, i samråd med leiar, endre møtedato når det er naudsynt.*

### **SAK 28/18 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 06.11.18**

34. Statusrapport pr. oktober 2018
35. Kommunestyrevedtak 25.09.18, sak 54/18 – Forvaltn.rev.rapport «Investeringar»
36. Kommunestyrevedtak 25.09.18, sak 56/18 – Fritak frå verv og nyval til kontrollutvalet
37. Hgsds Avis sin leder 05.09.18 om selskapskontroll av Karmsund Havn IKS
38. Kommunaldepartementet 26.06.18 – svar på henvending om møteoffentlighet
39. Kommunal rapport – professor Bernt svarar – retten til å stille spørsmål til ordførar
40. Kommunaldepartementet 15.10.18 – avlysning av møter i folkevalgte organ
41. Haugaland Kraft AS – innkalling til ekstraordinær generalforsamling 26.11.18
42. Varsel om tilsyn - samfunnstryggleik og beredskap i Tysvær kommune 04. og 11.12.18
43. Høstkonferansen 2018 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland – 22.11.18 – påmelding
44. HIM IKS – innkalling til representantskapsmøte 28.11.18

### **Handsaming i kontrollutvalet 06.11.18:**

Sekretær gjorde greie for sakene. Leiar og Paulsen kunne i år ikkje delta på konferansen. Larsen ville melde frå innan 12.11.18. Han var også interessert i å delta som observatør på generalforsamlinga til Haugaland Kraft. Dette støtta utvalet han i.

Utvalet hadde elles ingen spesielle merknader

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.11.18:**

*Karsten A. Larsen deltar som observatør på ekstraordinær generalforsamling i Haugaland Kraft AS 26.11.18 frå Tysvær kontrollutval.*

*Referatsakene 34 - 44 blir tatt til orientering.*

### **EVENTUELTT**

#### Mediaomtalt sak om handtering av farleg avfall

Utvalsleiar viste til presseoppslag 25.10.18 med grunneigar kor leigetakar hadde etterlatt seg farleg avfall og i følgje han var det inngått avtale med kommunen om at dei skulle rydde opp og dette ikkje var følgt opp. Utvalsleiar ønskte ein orientering om saka og temaet generelt og om kvifor saka var unнатke offentlegheit.

Utvalsleiar hadde laga eit skriftleg framlegg til vedtak som han las opp for utvalet.

Rådmannen viste til at saka i teknisk utval blei utsett i møtet og det blei difor ikkje gjort vedtak. Han kunne gjere greie for hovudtrekka i saka i møtet, men han og utvalet var samde om at det var betre å vente med ein orientering til neste møte.

Utvalet støtta leiari sitt framlegg og det blei fatta samråystes vedtak:

*Med utgangspunkt i sak i teknisk utval, unnateke offentlegheit, sak 114/18, og omfattande reportasje i Haugesunds Avis om same sak, ber kontrollutvalet om ei utgreiing frå rådmannen om saksbehandlinga i den konkrete saka, samt generell orientering om kommunal saksbehandling i saker som gjeld farleg avfall.*

*Det vil i denne samanheng vera naturleg med ein gjennomgang korleis ein vurderer bruk av unntak frå offentlegheit, spesielt med tanke på reportasjen i Hgsds Avis, jfr § 13 a, pkt. 3 i Forvaltningsloven.*

#### Ekspertutvalet og barnevernet

Øyvind Hellerslien etterlyste informasjon om granskinga av barnevernet. Rådmannen kunne opplyse at rapporten frå ekspertutvalet vil vere klår den 20.11.18. Det vert lagt opp til ein presentasjon av rapporten i kommunestyresalen i forkant av kommunestyremøtet same dag. Møtet vil vere opent for alle. Utvalet var nøgd og ville avvente om eventuelt forvaltningsrevisjon er aktuelt til rapport er presentert og saka handsama i kommunestyret.

#### Avskjed

Utdalsleiar gjorde merksam på at det var siste møtet for Linda Ånderå Bokn, og han takka ho for samarbeidet i dei 3 åra og ønskte ho lykke til vidare med ny bustad i nabokommunen. Som nytt medlem har kommunestyret valt Wenche Hellesund.

**Neste møte:** tysdag **19. februar** 2019, kl. 18.00

Førebels saker: orientering om farleg avfall, oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport: «Økonomistyring», evt. rapport «Investeringar - avgjerdsgrunnlag og styring» og kontrollutvalet si årsmelding 2018.

Aksdal, 6. november 2018

Arne Gjerde (sign.)  
kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)  
Utvalssekretær